



Referat frå elevrådsmøte 17.09.24

Frammøtte

2. Sander Martin og Aron

3. Vilja og Sebastian

4. Jonar og Ailo

5. Julie og Mathias

6. Sara og Kasper

7. Mathias og Olav

Miljøarbeidar Malin og rektor

Rektor ynskte velkomen til årets første elevrådsmøte.

Vi snakka om kva møtekultur og reglar vi skulle ha under møta. Det er viktig at alle rekk opp ei hand når dei skal seie noko. Dersom ein skal seie noko kort, kan ein halde opp to fingrar i staden for ei hand. Alle skal få sjans til å seie det dei vil.

Når elevrådet skal bestemme noko eller ta ei avgjerd, har vi avstemming. Då er det fleirtalet som avgjer og alle må rette seg etter det, sjølv om dei eigentleg stemte imot. Vi skal alle vere lojale til det som blir bestemt. Slik fungerer eit demokrati.

Det er viktig at saker blir diskutert godt i klassen. Det er elevrådsrepresentantane som leiar møta i klassane, men kan få hjelp av ein vaksen dersom dei ynskjer dette.

Det er viktig at saker som blir tatt opp skal gjelde alle på heile skulen. Ein skal ikkje berre ynskje seg ting til sin eigen klasse.

Rektor skal kalle inn til møter ca 2 gonger i månaden. Representantane må få tid i klassen til å diskutere saker i god tid på førehand, og gjennomgå referat etter møta. Det er fint dersom elevrådsrepresentantane har ei eige bok som blir brukt til elevrådsmøta.

Linda Selheim

Rektor og referent

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258